



# AUSTRHEIM KONTROLLUTVAL

## PROTOKOLL

- Møtedato: 22.09. kl. 08.30 – 13.30
- Stad: Kommunehuset, møterom Børilden/Baløyna
- Deltakarar: Gunnstein Sætre (leiar), Jan Erik Espelid (nestleiar), Inger Aasen (medlem), Britt M. Skaalevik Lerøy (medlem) og Morten Hodnekvam (medlem)
- Forfall:
- Andre: Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug (i sak 19-23/23 og 25-27/23)
- Revisor: Forvaltningsrevisor Ragnhild Kartveit Høyland, Vestlandsrevisjon IKS
- Sekretariatet: Torbjørg Grøttveit Gjerstad, Region Nordhordland IKS

## INNHALD

19/23 Godkjenning av innkalling og sakliste .....	2
20/23 Godkjenning av protokoll frå møtet 02.06.23.....	2
21/23 Meldingssaker .....	3
22/23 Stadfesting av revisor si uavhengighet.....	4
23/23 Rapport forvaltningsrevisjon.....	4
24/23 Forenkla etterlevingskontroll med økonomiområdet 2022.....	7
25/23 Tilbakerapportering: Oppfølging av rapport om årsrekneskapen 2022 .....	8
26/23 Aktuelt i Austrheim kommune .....	8
27/23 Orientering om tiltak vedrørende auke i sosialytelser for ungdom under 30 år i Austrheim kommune.....	9
28/23 Framlegg til budsjett for kontrollarbeidet 2024 .....	9
29/23 Overføringsdokument inkludert sluttevaluering .....	10
30/23 Eventuelt .....	10



## 19/23 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Innkalling og sakliste til møtet i kontrollutvalet 22.09.2023 er godkjent.

### BEHANDLING I MØTET

Samrøystes.

### SAMRØYSTES VEDTAK

Innkalling og sakliste til møtet i kontrollutvalet 22.09.2023 er godkjent.

## 20/23 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 02.06.23

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Møteprotokoll frå møtet 02.06.2023 er godkjent slik den ligg føre.

### BEHANDLING I MØTET

Samrøystes.

### VEDTAK

Møteprotokoll frå møtet 02.06.2023 er godkjent slik den ligg føre.



## 21/23 MELDINGSSAKER

---

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek meldingssakene til orientering.

---

### BEHANDLING I MØTET

Einstemmig

---

### SAMRØYSTES VEDTAK

Kontrollutvalet tek meldingssakene til orientering.



## 22/23 STADFESTING AV REVISOR SI UAVHENGIGHET

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek revisor si stadfesting av uavhengighet til orientering

### BEHANDLING I MØTET

Saka vart handsama etter sak 23. Revisor informerte kort om uavhengighetserklæringa

### SAMRØYSTES VEDTAK

Kontrollutvalet tek revisor si stadfesting om uavhengigheit til orientering

## 23/23 RAPPORT FORVALTNINGSREVISJON

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

1. Kontrollutvalet har handsama forvaltningsrevisjonsrapporten «Kompetanse, rekruttering og tilsettepolitikk» datert 15.09.22, og meiner denne svarar på dei problemstillingane som vart sett i kontrollutvalet si bestilling.
2. Kontrollutvalet sluttar seg til revisor sine tilrådingar og gjev innstilling til kommunestyret om å be kommundirektøren om:
  - informerer dei tilsette om innhaldet i kompetanseplanen og gjer denne kjent i organisasjonen
  - vurderer å gjennomgå dei ordningane som er for vidareutdanning saman med tilsettere representantar og einingsleiarar og samle innspel til kva det eventuelt er som gjer at ordningane ikkje blir vurdert som gode og sjå på aktuelle tiltak for å gjere dette meir attraktivt slik at tilsette i større grad gjennomfører ynskt kompetanseutvikling.
  - vurderer å etablere ein arbeidsgjevarpolitikk og arbeidsgjevarstrategi som synleggjer korleis ein skal vere ein attraktiv arbeidsgjevar ovanfor både nye og eksisterande medarbeidarar.
  - i samarbeid med einingsleiarar og tilsettere representantar arbeide med dei tilhøva som vert tatt opp i 10-faktor og spørjeundersøkinga.
  - følgjer opp at medarbeidarsamtalar vert gjennomført i samsvar med interne rutinar
  - gjennomgår og drøftar korleis kommunen og leiarane på ein god måte kan følgje opp medarbeidarsamtalane både på individnivå og på einings- eller sektornivå.



3. Kontrollutvalet ber kommunestyret om å be kommunedirektøren leggja fram ein skriftleg framdriftsplan for korleis og når tilrådingane skal følgast opp. Framdriftsplanen bør leggjast fram for kontrollutvalet med kopi til kommunestyret til neste kontrollutvalsmøte 2024.
4. Kontrollutvalet ber kommunestyret om å be rådmannen om å få ein skriftleg tilbakerapportering om oppfølginga av tilrådingane innan 3. kvartal 2024.

---

## BEHANDLING I MØTET

Saka vart handsama etter sak 21/23. Forvaltningsrevisor, Ragnhild Kartveit Høyland, presenterte forvaltningsrevisjonen i møtet.

Svarprosenten ved undersøkinga er låg, 33%. Tidspunktet for undersøkinga var i sommarmånadane med frist ut i september. Det kan være uheldig å sende ut spørjeundersøking på dette tidspunktet mtp. ferieavvikling. Undersøkinga støtta av rapporten gjev likevel ein indikator på tilstanden i kommunen innanfor helsesektoren.

Kontrollutvalsmedlemmene kommenterte og stilte spørsmål.

Kontrollutvalet ynskjer at revisor presenterer rapporten i kommunestyremøte. Revisor kom med forslag om å presentere rapporten for nytt kontrollutval, noko kontrollutvalet var einig i.

---

## SAMRØYSTES VEDTAK

1. Kontrollutvalet har handsama forvaltningsrevisjonsrapporten «Kompetanse, rekruttering og tilsettepolitikk» datert 15.09.23, og meiner denne svarar på dei problemstillingane som vart sett i kontrollutvalet si bestilling.
2. Kontrollutvalet sluttar seg til revisor sine tilrådingar og gjev innstilling til kommunestyret om å be kommunedirektøren om:
  - informerer dei tilsette om innhaldet i kompetanseplanen og gjer denne kjent i organisasjonen
  - vurderer å gjennomgå dei ordningane som er for vidareutdanning saman med tilsettere representantar og einingsleiarar og samle innspel til kva det eventuelt er som gjer at ordningane ikkje blir vurdert som gode og sjå på aktuelle tiltak for å gjere dette meir attraktivt slik at tilsette i større grad gjennomfører ynskt kompetanseutvikling.
  - vurderer å etablere ein arbeidsgjevarpolitikk og arbeidsgjevarstrategi som synleggjer korleis ein skal vere ein attraktiv arbeidsgjevar ovanfor både nye og eksisterande medarbeidarar.
  - i samarbeid med einingsleiarar og tilsettere representantar arbeide med dei tilhøva som vert tatt opp i 10-faktor og spørjeundersøkinga.
  - følgjer opp at medarbeidarsamtalar vert gjennomført i samsvar med interne rutinar
  - gjennomgår og drøftar korleis kommunen og leiarane på ein god måte kan følgje opp medarbeidarsamtalane både på individnivå og på einings- eller sektornivå.



3. Kontrollutvalet ber kommunestyret om å be kommunedirektøren leggja fram ein skriftleg framdriftsplan for korleis og når tilrådingane skal følgast opp. Framdriftsplanen bør leggjast fram for kontrollutvalet med kopi til kommunestyret til fyrste kontrollutvalsmøte i 2024.
4. Kontrollutvalet ber kommunestyret om å be rådmannen om å få ein skriftleg tilbakerapportering om oppfølginga av tilrådingane innan 3. kvartal 2024.

Framlegg til vedtak i kommunestyret:

1. Kommunestyret har handsama forvaltningsrevisjonsrapporten «Kompetanse, rekruttering og tilsettepolitikk» datert 15.09.23, og meiner denne svarar på dei problemstillingane som vart sett i kontrollutvalet si bestilling.
2. Kommunestyret sluttar seg til revisor sine tilrådingar og ber om at kommunedirektøren:
  - informerer dei tilsette om innhaldet i kompetanseplanen og gjer denne kjent i organisasjonen
  - vurderer å gjennomgå dei ordningane som er for vidareutdanning saman med tilsettere representantar og einingsleiarar og samle innspel til kva det eventuelt er som gjer at ordningane ikkje blir vurdert som gode og sjå på aktuelle tiltak for å gjere dette meir attraktivt slik at tilsette i større grad gjennomfører ynskt kompetanseutvikling.
  - vurderer å etablere ein arbeidsgjevarpolitikk og arbeidsgjevarstrategi som synleggjer korleis ein skal vere ein attraktiv arbeidsgjevar ovanfor både nye og eksisterande medarbeidarar.
  - i samarbeid med einingsleiarar og tilsettere representantar arbeide med dei tilhøva som vert tatt opp i 10-faktor og spørjeundersøkinga.
  - følgjer opp at medarbeidarsamtalar vert gjennomført i samsvar med interne rutinar
  - gjennomgår og drøftar korleis kommunen og leiarane på ein god måte kan følgje opp medarbeidarsamtalane både på individnivå og på einings- eller sektornivå.
3. Kommunestyret ber kommunedirektøren leggja fram ein skriftleg framdriftsplan for korleis og når tilrådingane skal følgast opp. Framdriftsplanen bør leggjast fram for kontrollutvalet med kopi til kommunestyret til fyrste kontrollutvalsmøte i 2024.
4. Kommunestyret ber om at kontrollutvalet får ei skriftleg tilbakerapportering om oppfølginga av tilrådingane innan 3. kvartal 2024.



## 24/23 FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL MED ØKONOMIOMRÅDET 2022

---

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek saka til orientering

---

### BEHANDLING I MØTE

Revisor orienterte generelt om forenkla etterlevingskontroll, samt gjennomføring, funn og tilrådingar etter etterlevingskontrollen med temaet «økonomiske fullmakter».

Revisjonen har gitt rein revisjonsuttale.

Ut i frå oppsummering og konklusjon til revisor kom kontrollutvalet med eit framlegg til ein del 2 i vedtaket:

Kontrollutvalet ynskjer orientering om korleis kommunen har fulgt opp tilrådingane frå revisor i neste møte.

---

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Kontrollutvalet tek saka til orientering
2. Kontrollutvalet ynskjer orientering om korleis kommunen har fulgt opp tilrådingane frå revisor i fyrste møte i 2024



## 25/23 TILBAKERAPPORTERING: OPPFØLGING AV RAPPORT OM ÅRSREKNESKAPEN 2022

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

### BEHANDLING I MØTET

Kommunedirektør, Bjørnar Fjellhaug, orienterte om tiltak som har vorte sett i gong basert på revisor sin rapport om årsrekneskapen 2022, nr. 20

Kommunen har sett i gang arbeid for å få ned kostnadsnivået ved gjennomgang og evaluering av organisasjonen.

### SAMRØYSTES VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

## 26/23 AKTUELT I AUSTRHEIM KOMMUNE

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering

### BEHANDLING I MØTET

Kommunedirektør, Bjørnar Fjellhaug, informerte om:

- Starta på arbeid med evaluering av organisasjonen med styringsgruppe som skal avsluttast innan påske 2024
- Ser ut som kommunen klarar å følge opp alle dei vedteke prosjekta
- Er i sluttfasen med prosjektet for oppgradering av skulane
- Ny brannbåt
- Oppstart på prosjekt; nytt helse og omsorgstun
- Ny kommunalsjef for samfunn og tenesteyting starta 1.september. No er alle kommunalsjefane på plass.

### SAMRØYSTES VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering





## 27/23 ORIENTERING OM TILTAK VEDRØRANDE AUKE I SOSIALYTELSER FOR UNGDOM UNDER 30 ÅR I AUSTRHEIM KOMMUNE

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

### BEHANDLING I MØTET

Kommunedirektøren orienterte i denne saka.

Kommunalsjef samarbeider med NAV. Vanskeleg for kommunen å fange opp denne auken, då mange av dei som får sosialytelsar ikkje har vore innom kommunen sine tenester før dei kjem inn på sosiale ytelsar hjå NAV. Ser ikkje noko auke på sosialytelsar i dette året. Kommunen må væra gode på det forebyggande. Styrkar feltet på samhandlinga med tenester her.

### SAMRØYSTES VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering

## 28/23 FRAMLEGG TIL BUDSJETT FOR KONTROLLARBEIDET 2024

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet viser til gjennomgang av framlegg til spesifisert budsjett og innstiller til ei budsjettramme for kontrollarbeidet i 2024 på kr 1 003 700. Budsjettframlegget vert sendt over til kommunestyret, og skal følga innstillinga til årsbudsjettet for 2024, jamfør § 2 i forskrift om kontrollutval og revisjon.

### BEHANDLING I MØTET

Kontrollutvalssekretær orienterte om framlegget til budsjett som er utarbeida av sekretariatet.

Kontrollutvalsmedlemmene drøfta budsjettet.

### SAMRØYSTES VEDTAK

Kontrollutvalet viser til gjennomgang av framlegg til spesifisert budsjett og innstiller til ei budsjettramme for kontrollarbeidet i 2024 på kr 1 003 700. Budsjettframlegget vert sendt over til kommunestyret, og skal følga innstillinga til årsbudsjettet for 2024, jamfør § 2 i forskrift om kontrollutval og revisjon.



## 29/23 OVERFØRINGSdokUMENT INKLUDERT SLUTTEVALUERING

---

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet godkjenner overføringsdokumentet for perioden 2019 - 2023 slik det ligg føre frå sekretariatet. Dokumentet vert lagt fram til orientering i første kontrollutvalsmøte i ny kommunestyreperiode. Dokumentet vert også sendt til kommunestyret til orientering.

---

### BEHANDLING I MØTET

Samrøystes vedteke

---

### SAMRØYSTES VEDTAK

Kontrollutvalet godkjenner overføringsdokumentet for perioden 2019 - 2023 slik det ligg føre frå sekretariatet. Dokumentet vert lagt fram til orientering i første kontrollutvalsmøte i ny kommunestyreperiode. Dokumentet vert også sendt til kommunestyret til orientering.

## 30/23 EVENTUELT

*Ingen saksopplysningar eller framlegg til vedtak i denne saka*